

«Les Misérables» er i gong!

Stein Erik Ovesen

Det er i dag 158 dagar att til premieren på storframsyninga av «Les Misérables», der det vil verta heile 250 personar involverte på eit eller anna vis. Og no i helga gjekk startskotet på skikkeleg vis, då over femti songarar var samla på Svortland skule til to hektiske og trivelege øvingsdagar. Under leiing av koransvarleg Elin Hestenes (ved pianoet) tok songarane i alderen frå 14 til 59 år svært raskt til å fungera som eit kor. Etter berre få timar med felles-øving let det heile svært så bra, og publikum kan ta til å gleda seg til åtte tre timar lange framsyningar i august...

